

© Disney



FROST

DET
NORSKE
TEATRET

STUDIEMATERIELL



Mimmi Tamba i rolla som Elsa i *Frost*.

«DET MÅ UT!»

Korleis er det å måtte løyne kven du er for omverda? Korleis er det å prøve å halde kjenslene inni deg, og aldri kunne sleppe dei ut? Svaret får vi i slutten av første akt på musikalen *Frost*, når Elsa syng: DET MÅ UT! Ho kan ikkje temje det ho har inni seg lenger. I det lange løp er det umogleg å løyne kven du er.

For mange er *Frost* ei historie dei kjenner godt. Utgangspunktet er eventyret *Snødronninga* av den danske diktaren H. C. Andersen. Mange har sett Disney-filmen som kom i 2013. Enda fleire har høyrte musikken. Nokon har kanskje vore i London eller New York og sett musikalen på teaterscenen.

No har vi fått vår eigen versjon av denne kjente forteljinga her i Noreg - og det er den de no skal sjå. Noko er som vi kjenner det - musikken og historia, - men mykje er også heilt nytt. Det visuelle, regien og ikkje minst språket er laga spesielt for oss. Denne gongen er det på nynorsk!

Frost er ei historie om frykta for å skade dei du er glad i, om redsla for at nokon skal finne ut kven du egentleg er, og behovet vi alle har for nærleik og kjærleik. I dette studiemateriellet er det derfor fleire oppgåver som handlar om kjensler, om einsemd og om kjærleiken. Du finn også ein artikkel du som lærar kan lese, eit handlingsreferat, rollebeskrivingar, utdrag frå manus og songtekstar. Det er ulikt nivå på oppgåvene. Nokre passar for dei yngste elevane (1.-4. klasse), nokre passar for dei litt eldre elevane (5.-7. klasse og oppover). Finn dei som passar for di elevgruppe.

Eg håper de får ei fin oppleving med *Frost*!

Beste helsing

Erlend Tårnesvik Dreiås
Formidlingsdramaturg
Det Norske Teatret

Kunstnarleg lag

Musikk og songtekstar
Kristen Anderson-Lopez og
Robert Lopez

Manus av
Jennifer Lee

Basert på Disney-filmen av
Jennifer Lee, **regissert av**
Jennifer Lee og Chris Buck

Opphavelig produsert
på Broadway av Disney
Theatrical production
og opphavelig regissert
på Broadway av Michael
Grandage.

Omsetjing
Runar Gudnason

Regissør
Gísli Örn Garðarsson

Scenograf
Börkur Jónsson

Lyddesignar
Gunnar Innvær

Kostymedesignar
Christina Lovery

Lysdesignar
Torkel Skjærven

Musikkansvarleg
Svenn Erik Kristoffersen

Lyddesignar
Morten Alexander Jorsett

Røystepedagog
Ståle Ytterli

Dramaturg
Anders Hasmo

Regiassistent
Louise Grimstad Waarli

Band

Kapellmeister og tangentar
Svenn Erik Kristoffersen

Tangentar
Ståle Sletner, Knut Løchsen

Bass
Marius Reksjø


Slagverk
Christian Svensson

Gitarar
Mats Grønner

Trompet og diverse blåsarar
Jens Petter Antonsen

Treblås
Børge Are Halvorsen, Mats
Lemjan

Cello
Katrine Pedersen



På scenen



Mimmi
Tamba
Elsa



Ina
Svenningdal
Anna



Julie Moe
Sandø
Elsa



Tiril
Heide-Steen
Anna



Vegard
Bjørsmo
Kristoffer



Mathias
Luppichini
Hans, mfl.



Mathias A.
Ambjør
Olaf



Kaia
Varjord
Svein. mfl.



Sisi
Sumbundu
Dronning Idun



Jan-Christian
Horntvedt
Pabbie, mfl.



Julie Støp
Husby
Bulda, mfl.



Niklas
Gundersen
Kramkaren



Petter
Winther
Ekle mfl.



Joakim H.
Ousdal
Kong Agnar



Ellen Birgitte
Winther
Tenestejente



Hilde
Olausson
Tenestejente



Martha
Standal
Tenestejente



Øyvind
Berven
Biskop, mfl.



Benjamin
Hiley
Lakei, mfl.



Elise Berg-
Hansen
Byfolk, mfl.



India Johanna
Mydske
Anna som barn



Thelma
Advocaat
Anna som barn



Savannah Mei-
dell-Clausen
Anna som barn



Noela Rose
Skalstad
Elsa som barn



Ester Støten
Vargas
Elsa som barn



Iben Nerland
MacDonald
Elsa som barn

Kor godt kjenner du Disney og *Frost*?

1. Kva heiter eventyret som *Frost* er basert på?
2. Kva var den første heilaftans teiknefilmen Disney laga?
3. Kva er det snømannen Olaf elsker?
4. Kva kallar vi det som Ariel kallar for ein «Dinglehopper» i *Den lille havfruen*?
5. Kva er betre enn menneske, ifølgje Kristoffer?
6. Disney vann Oscar-pris for songen «When you wish upon a star». I kva film kan du høyre denne songen?
7. Kva land kjem Hans Christian Andersen frå?
8. Kva heiter den flygande fea vi møter i filmen *Peter Pan*?
9. Kva heiter kongeriket Elsa og Anna bur i?
10. Kor mange brør har prins Hans frå Øyer i sør som Anna blir forelska i?
11. Kva heiter teikneseriefiguren med raude bukser og gule sko som også er maskoten til Disney?
12. Kva år kom Disney-filmen *Frost* på kino?
13. Kor mange ønske får Aladdin frå den magiske anden i lampa?
14. Kva betyr ordet «hugnad» som kramkaren er så oppteken av i *Frost*?
15. Kven laga musikken til songane i *Løvenes konge*?


Svar på kvissen
1. *Snedronningen* av H. C. Andersen 2. *Snehvit og de syv dvergene* (1937) 3. Varme klemmar (og tanken på sommar!) 4. Gaffel 5. Reinsdyr 6. *Pinochio* 7. Danmark 8. Tingeling 9. Arendelle 10. 12 11. Mikke Mus 12. 2013 13. Tre 14. Hygge/glede 15. Elton John



Kva var den første heilaftans teiknefilmen Disney laga i 1937? Foto: Disney/NTB



Kva er egentleg ein «Dinglehopper»? Foto: Walt Disney Pictures/courtesy Everett Collection/NTB



Den første filmen om han kom i 1928, men kva heiter eigentleg maskoten til Disney? Foto: NTB

EIN KONGELEG FAMILIE

KONG AGNAR er kongen i Arendelle, gift med **DRONNING IDUN**. Dei er høgt akta og æra av folket sitt. Dei har to døtrar, som dei elsker over alt på jord. Prinsessene **ELSA** og veslesøstera **ANNA**.

Elsa har magiske krefter som gjer at ho kan skape snø og is med hendene sine. Desse kreftene er ho fødd med, dei er ein del av henne. Når kjenslene boblar i ho, klarar ho ikkje å kontrollere dei. Da prinsessene var små, var dei veldig nære, og det beste Anna visste var når storesøstera trylla fram snø og is med hendene sine.

Kongen er uroa for dei magiske kreftene til Elsa. Dronninga er redd for kva folk vi seie om dei finn ut av det. Men dei vil hjelpe Elsa så ho er klar den dagen ho skal bli dronning. Kongen er viss på at så lenge dei står saman som ein familie, så klarar dei alt.

Men ein dag skjer det ei ulykke der Anna blir skada av ismagien til Elsa. Dronninga er barn av Nord-Huldra, og derfor kjenner ho til det løynde folket. Når ulykka råkar, er det dit dronninga vender seg for å få hjelp.

Det løynde folket reddar livet til Anna. Men frå no av blir søstrene skilde åt og Elsa må bruke hanskar for å halde kreftene inni seg. Berre på den måten kan ho halde magien sin under kontroll så ho ikkje skadar nokon, løynd for omverda som ikkje vil forstå. Minnet om Elsas magiske krefter blir fjerna frå hukommelsen til Anna, og heile slottet blir stengt frå omverda.

Etter at kongen og dronninga døyr, sit Anna igjen heilt åleine. Mange år seinare, når Elsa skal bli krona til dronning, blir portane til slottet opna opp. Endeleg skal Anna få møte folk igjen! Og for den aller første gongen har ho kanskje ein sjanse til å møte den store kjærleiken?

Men korleis skal Elsa klare å halde magien løynd, når alle saman ser til ho?

Det må ut!





ANDRE FOLK VI MØTER I FROST

KRISTOFFER er ishoggar. Is er livet hans! Når det plutselig blir ein snøstorm midt på sommaren, er det ikkje heldig for isforretninga hans. Hans trufaste kompanjong er reinsdyret **SVEIN**. Og reinsdyr er betre enn menneske! Kristoffer har vakse opp med det løynde folket. Han er kanskje ikkje så oppteken av personleg hygiene, men han er kjenslevar og fin, ifølgje fostermor si.

OLAF er ein snakkande, vakker, mandig og audmjuk snømann med ein stor, god stump. Han blei laga av Elsa og Anna da dei var små. Olaf elsker varme klemmar! Dessutan har han alltid elska tanken på sommar og sol og alt som er varmt. For kva er det eigentleg frosne ting gjer i sola? Det vil Olaf finne ut av! Dessutan veit han ganske mykje om kjærleik, viser det seg.

PRINS HANS kjem frå eit svært lite kongerike bestående av veldig små øyer i sør. Han er den trettande i arverekkefølga til trona, med 12 eldre brør, og han har reist langt for å vere med på kroninga av dronning Elsa. På slottet møter han prinsesse Anna. Og sjølv om det første møtet mellom dei to blir litt pinleg, er vegen kort til søt musikk.

HERTUG EKLE er hertugen av Ekle, ein viktig handelspartner til Arendelle. Han set pris på pene dronningar, og har høge tankar om eigne danseferdigheiter og kor framifrå han er. Hertugen blir lett fornærma, er pessimist av natur, og har ikkje sansen for snø. Og er det ikkje noko muffens med den nykrona dronninga Elsa?

BULDA og **PABBIE** er av det løynde folket. Bulda har vore som ei mor for Kristoffer, som dei tok til seg da han var liten. Ho er direkte og seier ting slik dei er. Bulda har stor tru på at kjærleiken får det beste fram i folk, og at alle treng å bli fiksa opp litt. Pabbie har evner som kan hjelpe menneske som har blitt råka av magi. Det er han som reddar Anna når ho blir treft av magien til søstera si som lita. Heldigvis blei ho berre treft i hovudet den gongen. For om du blir treft i hjartet, er det ingenting han kan gjere. Da er det berre sann kjærleik som kan redde deg.



FØRSTE AKT

Kva handlar *Frost* om? Her kjem ein kortversjon av handlinga!



1. Elsa og Anna er søstrer og prinsesser i kongeriket Arendelle. Elsa har magiske krefter.



2. Ho kan skape snø og is med hendene sine, og det er det mest fantastiske Anna veit i heile verda!



3. Men ein dag blir Anna skada av magien. Det løynde folket reddar livet hennar, og fjernar alt frå Annas minne.



4. Frå da av må Elsa halde kreftene løynd og inni seg. Søstrene blir skilde åt og slottet stengt frå omverda.




5. Fleire år seinare skal Elsa blir krona til dronning. Portane til slottet blir opna opp, og det er storstilt feiring.



6. Endeleg skal Anna få møte folk igjen! Ho møter prins Hans og dei bestemmer seg med ein gong for å gifte seg.



7. Men Elsa klarar ikkje å kontrollere kjenslene sine. Alle får no sjå at ho er eit monster! Ho må flykte!



8. Anna bestemmer seg for å følgje etter søstera, og gir prins Hans ansvaret for Arendelle.



9. På vegen møter Anna Kristoffer og reinsdyret Svein. Dei vil hjelpe ho til Nordfjellet og Elsa.



10. Dei møter også den snakkande snømannen Olaf, som Elsa og Anna laga saman da dei var små.



11. Olaf elsker varme klemmar. Og han likar tanken på sommar og varme.



12. Åleine på Nordfjellet kan Elsa for første gong sleppe alle kreftane laus. Endeleg er ho fri!

ANDRE AKT



13. Anna finn Elsa, og fortel ho at heile Arendelle er fanga i ein evig vinterstorm. Elsa må stoppe frosten!



14. Men Elsa kan ikkje lenger kontrollere kreftene. Anna blir råka av magien. Denne gongen treffer det hjartet.



15. Kristoffer tek Anna med til det løynde folket og håper dei kan hjelpe ho igjen så ho ikkje fryser ihel.



16. Men no er det berre ei handling av ekte kjærleik som kan redde Anna. Dei må finne prins Hans!



17. Elsa vil ikkje vere eit monster. Ho overgir seg og blir med tilbake til Arendelle for å møte Anna igjen.



18. Når Anna kjem tilbake til Arendelle viser det seg at Hans har lurt ho. Han elsker ho ikkje!



19. Hans var berre interessert i trona. Han forlèt Anna for at ho skal fryse ihel.



20. Olaf foreslår at det kanskje er Kristoffer som er Annas store kjærleik. Dei dreg for å finne han.



21. Hans dømmer Elsa til døden for forræderi. Han skal til å drepe ho med sverdet sitt sånn at han kan bli konge.



22. Anna ser kva som er i ferd med å skje, og kastar seg framfor sverdet til Hans. I same stund blir Anna til massiv is!



23. Trolldomen blir broten: Anna kjem til live igjen! Den ekte kjærleikshandlinga var at Anna ofra seg sjølv for søstera si.



24. Elsa forstår at det er kjærleik som er nøkkelen til å kontrollere kreftene ho har. Kjærleik er alltid svaret!

Oppgåver til framsyninga

Her kjem oppgåver som er relevante for framsyninga *Frost*. Vel ut og gjennomfør dei aktivitetane som passar for klassen og tida de har til rådvelde. Oppgåvene har ulike vanskegradar, nokre passar for 1.-4 trinn, andre passar best for 5.-7. trinn, eller eldre elevar. Nokre av oppgåvene kan de gjere før de har sett framsyninga, andre passar best etter de har sett framsyninga.

Elevane kan velje seg ei oppgåve som dei kjem med svar på sjølv. Men mest moro er det å diskutere saman i klassen. Kanskje de har oppfatta og tolka ting heilt ulikt! Teateropplevinga blir betre av å snakke om ho i fellesskap. Det er også mogleg å kombinere felles og individuelle oppgåver. Finn det som passar best for di gruppe.

Oppgåve 1: Eventyr, film og teater

Passar før og etter de har sett framsyninga.

Oppgåve 1a: Om filmen *Frost*

Mange i klassen har kanskje sett Disney-filmen *Frost*. Snakk om filmen i klassen. Du kan bruke rolleskildringa på side 6-7 og handlingreferatet side 8-9 i dette studiemateriellet som hjelp. Prøv også Disney-kvissen på side 5!

- Kor mange i klassen er det som har sett filmen *Frost*? (handsopprekking)
- Er det nokon som kan fortelje kva filmen handlar om?
- Hugsar de nokon av karakterane? (t.d. Elsa, Anna, Olaf og Hans)

Oppgåve 1b: Om teater

Musikalen *Frost* er basert på filmen. Det betyr at handlinga er ganske lik i dei to. Men ein film og ei teaterframsyning er to forskjellige ting. Til dømes er det eine teikningar og det andre er ekte menneske på scenen.

- Er det nokon som har vore på teater før? (Kva såg dei og korleis var det?)
- Snakk i klassen om kva som er likskapar og skilnadar på film og teater.

Oppgåve 1c: Om eventyr

Frost er basert på eit eventyr som heiter *Snødrønninga*, skrive av ein dansk forfattar som heter Hans Christian Andersen.

- Er det nokon i klasseen som veit om eit eventyr?
- Er det nokon som veit kva sjangertrekk som er typisk for eventyr? (T.d. «Det var ein gong», talla 3 og 7, ein helt, ein skurk, gode hjelparar. «Snipp, snapp snute»)

Vi skil gjerne mellom det som heiter folkeeventyr og det som heiter kunsteventyr. H. C. Andersen skreiv kunsteventyr, mens t.d. Asbjørnsen og Moe gav ut norske folkeeventyr.

- Er det nokon som veit kva skilnaden på folkeeventyr og kunsteventyr er?



Filmen *Frost* kom på kino i 2013. Foto: Walt Disney Pictures/courtesy Everett Collection/NTB

TIPS:

Eventyret *Snødrønninga* ligg tilgjengeleg på nettsida til nasjonalbiblioteket. Les det i klassen?

Oppgåve 2: Om kjensler

Passar etter de har sett framsyninga.

Elsa har magiske krefter som gjer at ho kan skape snø og is med hendene sine. Desse kreftene er ho fødd med, dei er ein del av henne. Når kjenslene boblar i ho, til dømes når ho blir frustrert eller sint, redd eller veldig glad, klarar ho ikkje å kontrollere dei. Ein gong skadar ho søstera si, Anna, ved eit uhell. Frå da av får Elsa beskjed om at ho ikkje må føle noko, og ho må bruke hanskar til å dekke over hendene for å halde kreftene inni seg og løynd for omverda.

Men dette er ikkje lett for vesle Elsa. Ho kjenner at kreftene blir sterkare. «Eg kan ikkje le. Eg kan ikkje gråte. Eg kan ikkje drøyme. Eg kan ikkje LEVE slik det berre sprenger på!» seier ho til foreldra sine.

Oppgåve 2a: Kva er ei kjensle?

Snakk saman i fellesskap i klassen eller i mindre grupper.

- Snakk om ulike kjensler de veit om i klassen (t.d. glad, trist, redd og spent)
- Er det skilnad på gode kjensler og vonde kjensler?

Oppgåve 2b: Går det an å beskrive korleis ei kjensle kjenst?

Snakk saman i fellesskap i klassen eller i mindre grupper.

- Beskriv korleis det er å vere veldig spent.
I kva for situasjonar kan du bli veldig spent?
- Beskriv korleis det er å vere redd.
I kva for situasjonar kan du bli redd?
- Beskriv korleis det er å vere glad.
I kva for situasjonar kan du bli glad?
- Beskriv korleis det er å vere flau.
I kva for situasjonar kan du bli flau?

Praktisk oppgåve: Få elevane til å teikne ei valfri kjensle. Etter de har sett framsyninga, kan dei teikne Elsa eller Anna med ei kjensle elevane tenkjer passar til kvar av dei. Korleis endrar kjenslene deira seg i løpet av framsyninga?

Oppgåve 2c: Går det an å vise korleis ei kjensle ser ut?

Snakk saman, og vis fram for kvarandre.

- Kva kjensle kan du få om nokon fortel ein morosam vits?
Korleis ser du ut når du får den kjensla? (t.d. glad)
- Kva kjensle kan du få om nokon lyg til deg?
Korleis ser du ut når du får den kjensla? (t.d. sint)
- Kva kjensle kan du få om du ramlar og slår deg?
Korleis ser du ut når du får den kjensla? (t.d. trist og lei deg)

PS: Skodespelarar er gode på å late som dei har kjensler dei eigentleg ikkje



Elsa er nervøs på kroningsdagen!



Anna er spent på kroningsdagen!



har. Dei kan late som om dei synest noko er skummelt, morosamt eller trist, sjølv om dei eigentleg ikkje har dei kjenslene på ordentleg. Det kallar vi å spele skodespel.

Oppgåve 2d: Kjensler i *Frost*

Elsa må halde kjenslene sine inni seg for at magien ikkje skal komme ut. Snakk saman i klassen eller i mindre grupper:

- Korleis trur de det er for Elsa å måtte stenge kjenslene inni seg?
- Kva kjensler trur de Elsa kjenner på? (redsle, frykt, sinne?)
- Kva kan skjer når ein prøver å halde kjensler inni seg, og ikkje får lov å sleppe dei ut?

Les utdrag 2 frå manus (side 21-22) frå kroninga til Elsa.

- Les og finn Elsas kjensler i dette utdraget.
- Kva for reglar er det ho snakkar om, og kva er ho redd vil skje?
- Korleis beskriv Elsa Anna i dette utdraget, og kva er skilnaden på dei?

Anna er kjempespent på kroninga til Elsa, for da blir portane til slottet endeleg opna igjen, og ho får møte folk.

- Kva kjensler trur de Anna kjenner på da? (spent, glad, ivrig?)
- Anna seier at ho er så spent at det «kriblar i heile kroppen» før kroninga. Er det nokon som har hatt det sånn nokon gong?

Hertug Ekle kallar Elsa for eit monster når han ser magien hennar.

- Kvifor meiner Ekle at Elsa er eit monster?
- Kva kjensler trur de Ekle kjenner på når han seier det? (avsky, frykt?)
- Korleis trur de Elsa opplever å bli kalla for eit monster? (trist, redd, utstøytt?)

Praktisk oppgåve: Elsas song «Det må ut!» (på bokmål «La den gå»/engelsk «Let it go») handlar å sleppe magien og kjenslene fri. Lytt til songen i fellesskap, og les teksten (side 23-24 i studiematerialet).

- Snakk saman om kva songen handlar om, og korleis dette kjem til uttrykk i teksten og musikken.
- De kan også prøve å syngje den nynorske versjonen av teksten. Finn ein karaoke-versjon av låta på Spotify eller YouTube.

Det kan vere situasjonar i den verkelege verda der ein føler at ein må løyne kven ein eigentleg er for andre.

- Kan de komme på situasjonar der ein må løyne kven ein er for andre? (Døme: Det kan vere at ein prøver å passe inn. Det kan vere ting du føler du ikkje kan seie fordi det ikkje blir akseptert av andre. Eller kanskje noko du synest er morosamt, men som andre seier er teit, og derfor tør du ikkje gjere det?)



Røde Kors



Røde Kors har laga eit infohefte om unge og einsemd. Skann QR-koden for å lese heftet.

Oppgåve 3: Om einsemd

Passar etter de har sett framsyninga.

Kva er einsemd? Røde Kors skriv at einsemd er ei kjensle som kan oppstå når ein opplever å ha mindre sosial kontakt med andre enn ein ønskjer, eller at den kontakten ein har ikkje er av tilstrekkeleg kvalitet. Folk med eit lite sosialt nettverk, eller som ofte er åleine, har større sjanse for å føle på einsemd.

Ei undersøking viser at heile 82 % av jenter og 63 % av gutar mellom 16-19 år ofte eller av og til føler seg einsam. For nokon kan einsemd vere at dei manglar nære venner og at dei ønskjer seg nokon å henge med. For andre kan einsemda vere ei kjensle som kjem innanfrå. Det kan handle om ei kjensle av ikkje å bli høyrd, sett eller forstått.

Både Elsa og Anna kjenner nok på einsemd. Etter at Anna blir skada av Elsas magi, blir dei to heilt skilde åt, slottet blir stengt og dei møter få menneske. For Anna handlar einsemda kanskje mest om eit ønske om å vere saman med folk. Ho drøymmer om å bygge snømann med søstera, sånn som dei gjorde før. Anna vil ha fest og moro, at portane til slottet skal vere opne, og kanskje møte ein kjæraste? For Elsa handlar det om at ho må halde kjenslene inni seg. Ho er redd for ikkje å bli forstått, men har ingen å snakke om dette med.

Oppgåve 3a: Kva er einsemd?

Snakk saman i klassen, eller i mindre grupper. De kan gjerne ta utgangspunkt i Elsa og Anna, eller finne andre døme.


- Kva kan vere grunnen til at nokon er einsame?
- Kva for ulike typar einsemd kan det vere snakk om?
- Einsemd er også ei kjensle. Korleis tenkjer de at denne kjensla er?
- Korleis kan ein vite/sjå at nokon kjenner seg einsame, og kva kan ein gjere med det?
- Kva kan ein gjere om ein sjølv kjenner seg einsam?

Anna prøver å få Elsa til å vere med å bygge snømann, sånn som dei gjorde før. Men Elsa avviser henne.

- Korleis trur de Anna opplever å bli avvist av Elsa?
- Korleis trur de Elsa opplever å avise Anna?

Til Hans seier Anna at ho har levd eit overbeskytta liv, med lite kontakt med andre folk.

- Kva betyr det å ha levd eit overbeskytta liv?
- Korleis kan ein sjå/forstå på Anna at ho har levd eit overbeskytta liv? (T.d. at ho leiker med kosedyr i vaksen alder? Ho veit ikkje heilt korleis ho skal oppføre seg i ulike situasjonar? Ho blir veldig fort forelska?)
- Korleis trur du det er å vekse opp utan å ha kontakt med verda utanfor? (t.d. at Anna kanskje er litt naiv? At ho ikkje har opplevd at folk kan vere slemme?)



Tips:
Les artikkelen
«Søsterkjærleik»,
om utviklinga
kjærleikstematikken i
Disney-filmar.

Oppgåve 4: Om kjærleik

Passar etter de har sett framsyninga.

I Disney-filmar snakkar ein ofte om «ekte kjærleik» eller «eit ekte kjærleiksskyss».

- Kva betyr det at noko er «ekte kjærleik»? Diskuter i klassen.

I *Frost* møtest Anna og Hans, og dei bestemmer seg for å gifte seg med ein gong. Både Elsa og Kristoffer seier at ein ikkje kan gifte seg med nokon ein akkurat har møtt. Men Anna seier at ein kan det om det er «ekte kjærleik».

- Er de einige med Anna eller med Elsa og Kristoffer?
- Korleis kan ein vite om noko er «ekte kjærleik», trur de?

Olaf seier til Anna at «Kjærleik er å setje den andres behov før sine egne – som da Kristoffer følgde deg heile vegen tilbake til Hans og forlèt deg for alltid.» Etter at Anna har ofra seg sjølv for å redde Elsa frå sverdet til Hans, seier Olaf: «Sann kjærleik tiner eit frose hjarte».

- Kva tenkjer de om Olafs definisjon på kjærleik?
- Kva tenkjer de om at Anna ofrar seg sjølv for å redde Elsa? Er det sann kjærleik?
- Korleis endrar Annas syn på kjærleik seg i løpet av historia? Og kva er det som gjer at ho endrar synet sitt på kjærleiken?

Oppgåve 5: Snakk om teateropplevinga

Passar etter de har sett framsyninga.

Det er alltid moro å snakke saman etter ei teateroppleving. Her kjem nokre punkt de kan bruke som utgangspunkt for samtalar om dei ulike elementa i framsyninga.

Beskriv og diskuter handling og forfattar

(Her kan de sjå på bilda i «Kva handlar *Frost* om» i dette studiemateriellet.)

- Kva handlar stykket om? Kan de gjenfortelje handlinga i fellesskap?
- Kva for tema er viktige i denne framsyninga? (t.d. kjærleik, utanforskap, kjensler, einsemd?)
- Veit de noko om Disney, som har laga filmen, eller om H. C. Andersen, som har skriva eventyret *Snødrønninga* som *Frost* er basert på?
- Er det nokon som kjenner til nokre andre eventyr H. C. Andersen ha skriva - eller eventyr som Disney har laga film av? (T.d. *Den lille havfruen*)

Beskriv og diskuter personane i stykket

(Her kan de sjå på persongalleriet i dette studiemateriellet, men tenk også på korleis dei framstod på scenen, kostymer, kroppsspråk, osb.)

- Elsa og Anna er hovudpersonar i stykket. Kven er dei, kva forhold har

- dei og kva er viktig for dei?
- Kven er Prins Hans, og kva er viktig for han?
 - Kva er forholdet mellom Anna og Prins Hans? Kva er fellestrekk og skilnadar på dei?
 - Kven er Kristoffer, og kva er viktig for han?
 - Kva er forholdet mellom Anna og Kristoffer?
 - Er det personar som endrar seg i løpet av framsyninga? Kva er det eventuelt som gjer at dei endrar seg?
 - Kva for andre personar møter vi i framsyninga, og kva for rolle spelar dei i handlinga?

Beskriv og diskuter scenografien

Scenografi er dei store tinga ein ser på scenen. Det kan vere eit hus, eit fjell, skyar og måne osb. Dei mindre tinga på scenen som skodespelarane brukar, kallar vi for rekvisittar, t.d. når ein skodespelar leiker med kosedyr, eller har eit sverd, så er det rekvisittar.

- Beskriv scenerommet og korleis dette blei brukt.
- Kva var skilnaden på Slottet og Nordfjellet (t.d. lysbruk, møblar, stemning osb).
- Var det noko de synest var bra laga på scenen?
- Var det noko de synest var rart?
- Korleis brukte dei lyset? (t.d. skilnaden på sommar/vinter, varmt/kaldd)

Dramaturgi

Dramaturgi handlar om korleis ein fortel ei historie. For ei historie kan alltid bli fortalt på mange ulike måtar. Ein kan starte med slutten, eller ein kan starte med starten. Om det er ei spennande historie, så er det ting i historia som bygger opp spenninga. Er det humoristisk? Eller er det trist?

Det er to utdrag frå manuset i dette studiemateriellet. Det første utdraget er frå første gongen Anna møter Prins Hans og Kristoffer. Les gjerne utdraga høgt i klassen, og snakk om kva vi finn ut om handlinga og karakterane gjennom desse utdraga.

- Korleis var handlinga bygd opp i *Frost*? Korleis var starten?
- Bygger framsyninga opp mot eit høgde- eller vendepunkt? Var det for eksempel spennande eller overraskande på eit tidspunkt?
- Korleis var avslutninga? Var det overraskande eller naturleg at det slutta på den måten?
- Var det noko som var trist eller morosamt? Snakk om det i klassen.

DEL 3: Vurdering

Til sist skal du komme med ei vurdering. Likte du framsyninga? Kva dreg opp, kva dreg ned? Blei tematikken behandla på ein god måte? Kven passar ho for, tenkjer du?

Om ein vil, kan ein også gi framsyninga eit terningkast. Terningkast 6 er det absolutt beste terningkastet. Terningkast 1 er det dårlegaste. Mens terningkast 3 er heilt passe. Kva synest du?

Bak magien i *Frost*

Det er mange folk i sving for å lage ei stor framsyning som *Frost*. Ta ein titt på baksida!



Dette er teikninga av Elsa sin iskjole.

Kostymeavdelinga har sydd 115 ulike kostyme til framsyninga. På tavla heng alle skissene, og til høgre kan du sjå nokre inspirasjonsfoto.


Over er det kostymesyar Tove som gir Elsas iskjole eitt ekstra lag med glitrande kappstoff. Bak scenen heng alle kostyme og parykkar på rekke og rad til kjappe kostymeskiift undervegs i framsyninga.



Dokkedesignar Marthe har laga Olaf - som ser ut som ein sprell levande snømann! Og til høgre er jo vennene til Olaf!




På scenen er det isfjell som er 3,5 meter høge. Det kan kile litt i magen å stå der oppe, skulle ein tru! På målar salen jobbar Edouard som ein helt for å lage dei siste isspira på Elsas slott.



BAK MAGIEN

DET NORSKE TEATRET
Frost

Det er totalt 60 (!) parykkar med i *Frost*, Det tek ein parykkmakar ved teateret to veker å berre lage ein!





Det er ikkje berre ekte gull som glitrar som gull! Elsas krone er på patinerarverkstaden og har fått gullfarge. No er det berre dei "edle" steinane som står igjen.




Tonje på maskeavdelinga jobbar med parykken til Elsa. Knuten i nakken skal på eit tidspunkt enkelt bli løyst opp - og den berømte fletta skal falde seg ut. Men korleis få det til på best måte?



Malin gir reinsdyret Svein - eller skodespelar Kaia - eitt ekstra lag med sminke på sidescenen.



Mats-Ivar er "loftsmann" og held koll på alle "trekka" som heng i taket og går opp og ned i løpet av framsyninga.



Bak scenen sit den eigentlege sjefen over framsyninga: Inspisienten Jan André held kontroll på heile framsyninga og gir beskjedar undervegs slik at både teknikarar, musikarar, lys, lyd, skodespelarar og dei som skiftar kostyme og sminke er klare og at framsyninga flyt fram slik den skal.

Han følger med på kor dei er i manus og kva som skjer på scenen. På skjermen øvst kan han sjå orkesterleiar Svann Erik som står i orkestergrava under scenen og dirigerer. Skodespelarane på scenen kan også sjå orkesterleiaren når dei står på scenen på ein liten skjerm i taket over salen!

Utdrag frå manus

På dei neste sidene er det utdrag frå manuset til *Frost*.

Sånn les du informasjonen som står i manuset:

- Namn som står i versalar (store bokstavar) og feit skrift, betyr at ein karakter seier eller syng noko.
- Tekst som står i kursiv betyr at det er ei sceneanvisning, som seier noko om kva som skjer på scenen. Dette skal ikkje seiast.
- Tekst som står i parentes fortel noko om korleis eller til kven ein skodespelar seier noko. Det som står i parentes skal ikkje seiast.
- Setningar som står i versalar (store bokstavar) er song, og skal syngast.
- Tekst som står normalt, med små og store bokstavar, skal seiast av skodespelaren.

TIPS:
Prøv å spele ut
utdraget frå manus i
klasserommet!

Fordel gjerne rollene ut i klassen og les høgt. Om de ønskjer ei ekstra utfordring, kan de også prøve å spele ut scenen. Korleis vil de løyse det? Kva føler og tenkjer dei ulike karakterane når dei seier det dei seier?

Korleis reagerer dei på det andre seier? Prøv dykk fram!



Bilde frå leseprøven på *Frost*. Det er første gong skodespelarane møtast for å lese stykket og syngje songane. Dette skjer ca åtte veker før premieren.





**Utdrag 1: SCENE 4
SLOTTET
På scenen: Anna, Hans,
Kristoffer, Svein, vaktar**

*Mens musikken tonar ut ...Krasjar ANNA med HANS!
Dei dett oppi iskjerra. KRISTOFFER vert forferda. Dei
ligg utover den fine isen hans!*

ANNA
Å, beklager. Så lei for det ...

HANS
Å nei. Gjekk det bra med deg?

KRISTOFFER ser på dei mens dei fomlar.

ANNA
Ja då. Kor pinleg. Eg –

HANS
Alt er i skjønnaste orden. Hei.

ANNA
... Hei.

KRISTOFFER *(lener seg inn mellom dei, smiler)*

Hei ... Kan eg få spørje dykk turtelduene om noko?

ANNA
Turtelduer? Ha. Nei. Vi har faktisk aldri møtt kvarandre ... før.

HANS
Men det gjer vi no.

ANNA *(sjarmert og råka)*
Ja, det gjer vi.

KRISTOFFER
Kjempefint. Likar de kalde drinkar?

HANS OG ANNA *Dei seier det heilt på likt.*
Å ja, veldig.

Dei ler av at dei sa det på likt.

KRISTOFFER
Og veit de kva som gjer dei så veldig kalde og gode? Is.

HANS og ANNA nikkar, einige.

KRISTOFFER
God. Rein. Is.
(dei tek ikkje hintet)
Så kom dykk av isen min!

*HANS hjelper ANNA vekk frå isen. SVEIN
sniffar på HANS, geviret stangar han på ein
litt pinleg plass.*

KRISTOFFER
Kom igjen, Svein.
(roper)
IS! GOD, REIN IS!

*VAKTENE følgjer KRISTOFFER og SVEIN
ut porten. Porten stenger.*

ANNA
Jøje meg. Det var pinleg, det.
(til HANS)
Ikkje at du er pinleg, altså, men fordi vi ... eller eg,
eg er pinleg. Du er nydeleg.

Oi, hæ?

HANS

Ikkje halvt så ven og nydeleg som du.

HANS er ein ekte gentleman.

ANNA

Eg? Ha! Takk.

Å, ja.

(neiar)

Prinsesse Anna av Arendelle.

HANS

Prinsesse? Dykkar Majestet.

HANS går ned på kne.

ANNA

Å nei, det er ikkje nødvendig. Eg er ikkje dén prinsessa.

(hjelper HANS opp)

Det er syster mi, Elsa som er dronning. Ikkje eg. Nei. Eg er berre meg.

HANS

Berre deg?

ANNA

Altså, eg er ikkje tronarvingen, berre ein reserve. Ikkje at eg klagar. Eg er ikkje ein klagar.

(føler seg dum)

Gløym det. Eg rablar. Eg har levd eit litt overbeskytta liv, skjønar du.

HANS

Er det sant?

ANNA

Ja, så eg er ikkje så flink med ekte levande folk. Men eg vil vere ...

HANS

... Bra for deg.

ANNA

Og du ser på meg som om eg er heilt sprø.

(byrjar å gå)

Så no går eg. Ha ein strålande dag. Gløym alt i


hop.

ANNA går.

HANS

Vent. Ikkje gå.

ANNA snur seg igjen.



Dette er første gongen
Anna møter både Prins
Hans og Kristoffer!
Og det er ein ganske
pinleg måte og møte
nookon på!!

Prøv å spel
denne scena i
klasserommet.



**Utdrag 2:
SCENE 6 og 7
SLOTTSKAPELLET**

ELSA står upstage center mens ho vert rituelt påkledd dronningas skrud. Gjennom den følgjande sekvensen er fokuset vårt på Elsa.

ELSA

EG KAN KJE VER' SOM DE FORVENTAR DET
MEN EG PRØVER ALT EG KAN
MED ALT EG GJER
OG IKKJE SEI'

OG EG ER REDD FOR NESTE SKRITT
FOR EG VEIT AT ALT I LIVET MITT
HAR FØRT MEG HIT

ELSA stig fram og deler kva ho har i hovudet, mens BYFOLK held fram med å bukke bak henne.

SÅ EG FORSVINN INNI MEG SJØLV
DREG MEG VEKK OG STENGER NED
EG PRØVER, MEN DET ER SÅ VANSKELEG
OG KVIFOR ER DET DET?

EG KAN KJE VISE
AT EG ER VARM, NETT SOM DU

ELSA går tilbake til plassen sin i kroninga.

DET ER MANGT DU IKKJE VEIT
OG DET ER TANKELAUST Å TRU

ANNA kjem hastande inn.

ANNA

Beklager at eg er sein.

*ANNA finn plassen sin i seremonien.
ELSA fokuserer på ANNA.*

ELSA

EG VEIT EG ALDRI SER DEN VAKRE DAG
NÅR DENNE PRØVINGA ER SLUTT
SLIK AT VI TO KAN VER' I LAG

VI HAR MISTA ALT VI VAR
(FOR) ALLE LØYNDOMAR OG TEIING
BLEI EI BØR VI BAR

EG VIL GJERNE SEIE ALT
OPNE DØRA INN TIL MEG

EG VIL FORTELJE KVIFOR
ALT ER BERRE LYGN OG SKODESPEL

MEN EG MÅ VER' FORSIKTIG
OG DET ER KJE DU
SÅ FORSKJELLIGE, OSS TO
OG DET ER TANKELAUST Å TRU

TANKELAUST Å ØNSKE EG KAN VELJE NOKO
SJØLV
TANKELAUST Å TENKE TANKEN UT

*BISKOP og DIAKON kjem med kula og
seperet til ELSA. Ho strekker seg etter dei.*

TANKELAUST Å STÅ HER NÅR ALLE SAMAN SER
OG OM EG DROPPAR REGLANE VEIT INGEN KVA
SOM SKJER

BISKOP

Dykkar Majestet, hanskane.

*No er det tid. ELSA må ta av seg hanskane.
Ho legg dei frå seg. ELSA held kula
og seperet, og snur seg mot folket sitt.*

ELSA

NO MÅ EG IKKJE SNUBLE I EIGNE STEG
NO MÅ EG PRØVE Å KONSENTRERE MEG

Løyn ... og gløym ...
Løyn ... og gløym ...
Løyn ... og gløym ...

*ELSA klarte det. Ho legg fort kula og seperet
på puta, tek på seg hanskane igjen,
beskyttande. Ho er letta, ho lyser opp. Prøver
å halde seg roleg, men er nøydd til å smile.*

ANNA & BYFOLK

DRONNING SALVA
VÅR EIGA DOTTER
SJÅ VÅR DRONNING NO!

*Ei festleg feiring. ELSA nyt dei dansande
para. Ting roar seg.*

ELSA

TENK NO STÅR EG END'LEG HER

HAR EG VERK'LEG KOME HIT?
FAR, EG KLARTE DET!
(MEN) KVA ER NESTE SKRITT?
EG BERRE SMILER – KOR RART!
TYDER DET AT ALT ER ANNLEIS
OG EIN HEILT NY START?

(ser ANNA på den andre sida av rommet)

OG KAN EG OPNE DØRA NO
SÅ DU SER MEG YTST TIL INST?
EI DRONNING KAN VEL ENDRE
REGLANE
MEN IKKJE GRUNNEN TIL
DEI FINST

EG KAN KJE VER' SOM DU FORVENTAR DET
MEN (EG) ER VARM, NETT SOM DU
OG EG VIL SÅ GJERNE NÆR DEG
ER DET TANKELAUST Å TRU?

ELSA nøler, men torer å gå bort til ANNA.



UTDRAG

DET NORSKE TEATRET
Frost



LET IT GO Engelsk

THE SNOW GLOWS WHITE
ON THE MOUNTAIN TONIGHT
NOT A FOOTPRINT TO BE SEEN
A KINGDOM OF ISOLATION
AND IT LOOKS LIKE I'M THE QUEEN

THE WIND IS HOWLING
LIKE THIS SWIRLING STORM INSIDE
COULDN'T KEEP IT IN,
HEAVEN KNOWS I TRIED

DON'T LET THEM IN,
DON'T LET THEM SEE
BE THE GOOD GIRL
YOU ALWAYS HAVE TO BE
CONCEAL, DON'T FEEL,
DON'T LET THEM KNOW
WELL, NOW THEY KNOW

LET IT GO, LET IT GO
CAN'T HOLD IT BACK ANYMORE
LET IT GO, LET IT GO
TURN AWAY AND SLAM THE DOOR
I DON'T CARE
WHAT THEY'RE GOING TO SAY
LET THE STORM RAGE ON
THE COLD NEVER BOTHERED ME
ANYWAY

IT'S FUNNY HOW SOME DISTANCE
MAKES EVERYTHING SEEM SMALL
AND THE FEARS THAT ONCE
CONTROLLED ME
CAN'T GET TO ME AT ALL

LA DEN GÅ Norsk - bokmål

DET GLITRER HVITT
OVER FJELLET I NATT
DET ER VAKKERT VINTERVÆR
I RIKET JEG BOR ALENE
OG SOM DRONNING STÅR JEG HER

OG VINDEN HYLER LIK
SOM STORMEN I MITT BRYST
HOLDT DET IKKE UT,
HIMLEN SÅ MIN DYST

SLIPP INGEN INN,
LA INGEN SE
SLIK ER PLIKTEN,
JEG ER JO FØDT TIL DET
JEG DEKKET TIL
DET INGEN SÅ,
DET VET DE NÅ

LA DEN GÅ, LA DEN GÅ
DEN KRAFTEN JEG SKJULTE FØR
LA DEN GÅ, LA DEN GÅ
JEG HAR SNUDD OG STENGT EN DØR
JEG ER LEI, ALT DE
TROR DE HAR SETT
LA DET STORME NÅ
LITT FROST GJØR MEG INGENTING
UANSETT

LITT AVSTAND GJØR DET MESTE
SÅ LITE SOM DET ER
OG DEN FRYKT SOM EN GANG
HOLDT MEG
KAN IKKE NÅ MEG HER

DET MÅ UT Norsk - nynorsk

SNØEN GLITRAR
PÅ FJELLET I KVELD
OG HAN LØYNER ALLE SPOR
ALEINE I EIGE RIKE
EG ER DRONNINGA I NORD

OG VINDEN HYLER
SOM DEN STORMEN EG HAR INNI
OG HAN MÅTTE UT
MÅTTE SETJAST FRI

IKKJE SLEPP DEI INN
IKKJE LAT DEI SJÅ
VER DEN FLINKE
SOM DU ALLTID MÅ
SÅ LØYN OG GLØYM
OG IKKJE FØL
MEN NO SER DEI SJØL'

DET MÅ UT, DET MÅ UT
KAN KJE TEMJE DET EG HAR I MEG
DET MÅ UT, DET MÅ UT
STENGER DØRA OG GÅR MIN VEG
DET BRYR MEG IKKJE,
LAT DEI SLADRE SITT
LAT DET BLÅSE OPP
KULDA VAR ALDRI
PROBLEMET MITT

DET ER SÅ RART MED AVSTAND
DÅ BLIR ALT SÅ SMÅTT OG SVAKT
OG DEN FRYKTA SOM FØR HAR
STYRT MEG
HAR MISTA ALL SI MAKT

IT'S TIME TO SEE WHAT I CAN DO
TO TEST THE LIMITS
AND BREAK THROUGH
NO RIGHT, NO WRONG,
NO RULES FOR ME
I'M FREE

LET IT GO, LET IT GO
I'M ONE WITH THE WIND AND SKY
LET IT GO, LET IT GO
YOU'LL NEVER SEE ME CRY
HERE I STAND AND HERE I'LL STAY
LET THE STORM RAGE ON

MY POWER FLURRIES THROUGH
THE AIR INTO THE GROUND
MY SOUL IS SPIRALING
IN FROZEN FRACTALS ALL AROUND
AND ONE THOUGHT CRYSTALLIZES
LIKE AN ICY BLAST
I'M NEVER GOING BACK,
THE PAST IS IN THE PAST

LET IT GO, LET IT GO
AND I'LL RISE LIKE
THE BREAK OF DAWN
LET IT GO, LET IT GO
THAT PERFECT GIRL IS GONE
HERE I STAND
IN THE LIGHT OF DAY
LET THE STORM RAGE ON
THE COLD NEVER BOTHERED ME
ANYWAY

NÅ SKAL JEG SE HVA JEG FÅR TIL
Å TESTE GRENSER
NÅR JEG VIL
FOR ALLE REGLER
ER FORBI
ER FRI

LA DEN GÅ, LA DEN GÅ
LA MIN KRAFT FYLLE ALT JEG SER
LA DEN GÅ, LA DEN GÅ
JEG GRÅTER IKKE MER
JEG BLIR HER, DER GLEDEN ER
LA DET STORME NÅ

MIN KRAFT DEN JAGER GJENNOM
LUFTEN NED MOT JORD
OG SJELEN ER SOM FROSNE
ISKRYSTALLER IFRA NORD
EN TANKE HAR TATT FORM SOM
RIM MED NÅLER I
JEG VENDER ALDRI HJEM,
ALL FORTID ER FORBI

LA DEN GÅ, LA DEN GÅ
JEG SKAL STIGE LIK
SOLEN NÅ
LA DEN GÅ, LA DEN GÅ
PERFEKT ER FORTID SÅ
JEG ER KLAR,
OG JEG SMILER BREDT
LA DET STORME HER
LITT FROST GJØR MEG INGENTING
UANSETT

MÅ FINNE UT KVA EG KAN GJER'
INGEN GRENSER,
INGEN REGLAR HER
GJER' DET EG MÅ
SÅ EG KAN BLI –
HEILT FRI!

DET MÅ UT! DET MÅ UT!
OG EG FLYG HEILT MI EIGA LEI
DET MÅ UT! DET MÅ UT!
SKAL ALDRI GRÅTE MEIR
EG STÅR HER OG STÅR PÅ MITT
LAT DET BLÅSE OPP ...

OG KREFTER VIRVLAR RUNDT
SÅ LUFTA HO BLIR KALD
OG SJELA SPINN OMKRING
I FROSNE BITAR OVERALT
EIN TANKE DUKKAR OPP
OG FRYG FAST ROM OG TID
OM EG ALDRI REISER HEIM
ER FORTIDA FORBI!

DET MÅ UT! DET MÅ UT!
EG STÅR OPP SOM
EIT MORGONGRY
DET MÅ UT! DET MÅ UT!
DENNE JENTA HER ER NY
HER ER EG
OG ALT LYSER KVITT
LAT DET BLÅSE OPP!
KULDA VAR ALDRI
PROBLEMET MITT

Programartikkel av:
Erlend Tårnesvik Dreiås
Foto frå framsyninga:
Siren Høyland Sæter



SØSTERKJÆRLEIK

Ei forteljing om Disneys veg til verdssuksessen *Frost*, og korleis ekte søsterkjærleik kan tine eit frose hjarte.

Ideen om «ekte kjærleik» har gjennom romanar, musikk og filmar blitt hamra inn i generasjon etter generasjon av unge verda over. Historier om kjærleiken som bryt forbanningar og hekseri, som eliminerer vondskap og gjenopprettar harmonien i universet, har blitt fortalt til alle tider.

Ofte var det ei prinsesse som måtte bli redda av ein prins. Ho var gjerne forheksta og tilsynelatande død. Eit kyss frå ein prins ville vekke ho til live igjen, og så levde dei to lykkeleg til sine dagars ende. Men må det eigentleg vere ein prins som reddar prinsessa?

Tidene forandrar seg, og på eit tidspunkt skjer det eit skifte, både i populærkulturen og i samfunnet elles. Prinsessa går frå å vere passiv gevinst, til å bli ein likeverdige aktør i historia. Om det er ho, han eller hen som tek grep, er ikkje lenger avgjerande i kjærleikshistoria. Kan det til alt overmål vere kjærleiken mellom to søstrer som er svaret?


Med utgangspunkt i eventyret *Snødronninga* av den danske diktaren Hans Christian Andersen, ville Disney røske opp i omgrepet «ekte kjærleik». Resultatet blei ein av verdas største filmsuksessar.

Ein lang prosess

The Walt Disney Company blei etablert for hundre år sidan, i 1923. I 1928 kom filmen *Steamboat Willie*, ein av dei første lydteiknefilmene. Her blir Mikke Mus introdusert for første gong, og han skal bli maskoten for selskapet og har seinare vore med i over 130 filmar.

Ideen om å lage ein animasjonsfilm frå eventyret om Snødronninga kom tidleg. I 1931 lagde Disney ein kortfilm av *Den stygge andungen* av H. C. Andersen. Dette var eit av dei første forsøka frå studioet på å ta opp meir alvorleg tematikk i ein teiknefilm. Filmen blei laga på nytt i fargar i 1939, og denne versjonen vann Oscar-pris for beste animerte kortfilm året etter. Samtidig jobba Disney med fleire av Andersens eventyr. Mellom desse var *Snødronninga*.

Åra mellom 1937 og 1942 blir gjerne kalla gullalderen for Disney. Dei



Walt Disney saman med maskoten Mikke Mus. Foto: NTB

etablerte seg som eit leiande selskap for animasjonsfilm, med filmar som *Snehvit og de syv dvergene*, *Pinocchio* og *Bambi*. I 1940 blei Disney involvert i ein samproduksjon som skulle fortelje om livet til H. C. Andersen. Her skulle fleire av forteljingane hans vere med, mellom anna *Den lille havfruen*, *Piken med svovelstikkene*, *Den standhaftige tinnsoldat* og *Snødronninga*.

Snødronninga var publisert nesten hundre år tidlegare, i 1845, og handlar om den vesle jenta Gerda som må ut i verda for å redde bestevennen Kai. Han er fanga av den vonde Snødronninga, og Gerda må finne slottet hennar. Men i hjartet har Kai ein kald splint frå ein trollspegel. Splinten har gjort han vond, kald og likesæl. Til slutt er det dei varme tårene til Gerda som smelter den kalde trollsplinten, og dei kan reise heim igjen.

I perioden rundt 1940 var Walt Disney sjølv djupt involvert i filmproduksjonen. Sjølv om ikkje alle filmene var kommersielle suksessar, blei fleire element, som i dag er kjenneteikn for Disney-varemerket, introduserte her. Til dømes det å ta utgangspunkt i eit eventyr (*Snøkvit*) eller ei godt kjent bok (*Pinocchio*), eller at det er eit dyr i hovudrolla (*Bambi*). Element som ein openberr skurk, utstrekkt bruk av musikk og komiske biroller blei også introduserte i denne perioden.

Kjærleik som redning

Konseptet «ekte kjærleik» blei ikkje funne opp av Disney. Til dømes skreiv Shakespeare om det i *Romeo og Julie*: «What's here? A cup closed in my true love's hand? Poison, I see, hath been his timeless end.» Til og med omgrepet «ekte kjærleiksskyss» («true love's kiss») finn vi hos han, i *Richard III*.

Ideen om at det er kjærleiken som kan sigre over vondskapen, og som bryt forbanningar og trolldom, blei grunnlagt i Disneys gullalder.



Eit første kjærleiksskyss frå prinsen reddar Snøkvit.
Foto: Disney/NTB

Snehvit og de syv dvergene (1937) var den første heiluftans animasjonsfilmen Disney laga, basert på det tyske eventyret av brørne Grimm. Dette er også første gongen ein variant av kjærleiksmotivet blir introdusert. Her er det kjærleikens første kyss som reddar Snøkvit, som har teke ein bit av det forgifta eplet til den vonde stemora. I versjonen til Grimm-brørne vaknar Snøkvit fordi dvergene mistar glaskista i bakken, sånn at eplebiten sprett ut av munnen hennar. Det er sjølvstekt ei søtare avslutning at det er kjærleiken som er redninga, og ikkje den klossete framferda til dvergene.

I tillegg til å vere underhaldning, har dei tradisjonelle eventyra gjerne ein oppsedande funksjon. Barn skal lære om moral og dygder. Ofte ser vi derfor eit utvitydig moralsk kart teikna opp over kven som er gode og kven som er vonde. Det er alltid det gode som sigrar til slutt, og dei vonde blir hardt straffa. I Disneys tidlege eventyrfilm, er dei gode vakre, glade i dyr og har eit litt naivt syn på verda. Dei vonde er typisk opptekne av utsjånad, makt og rikdom. Skurken er rett og slett veldig skurkete, og får som fortent. Slutten er alltid lykkeleg.

Men i arbeidet med *Snødronninga* sleit Disney. Korleis skulle dei presentere denne mørke forteljinga for eit moderne publikum? Det blei laga eit synopsis til eventyret som krinsa kring grunntemaet «atterføding gjennom tru». Men ifølge boka *The Art of Frozen*, var det ein norsk-fødd tilsett i Disney, Karl Berggrav, som gav prosjektet tommelen ned. «Denne historia (...) er veldig uinteressant og glir berre ut i ingenting, eller verre enn ingenting, banalitet. Det er vanskeleg å lage god animasjon ut av det.»

Prosjektet blei lagt på hylla, saman med andre H. C. Andersen-eventyr, som *Den lille havfruen*. Og der blei dei liggande i over 50 år. USA gjekk inn i andre verdskrigen, og i krigsåra blei Disney involvert i produksjonen av krigspropaganda



Tornerose saman med dyra i skogen. Foto: Mary Evans/AF Archive/NTB

med antinazistisk budskap og oppmoding til det amerikanske folket om å støtte krigen.

Ekte kjærleiksskyss

Etter krigen blir kjærleiksmotivet vidareutvikla. I filmen *Tornerose* (1959), basert på eventyret av franskmannen Charles Perrault, blir ideen om at det må vere ekte kjærleik, introdusert. Slik forbanninga frå den vonde fea Malificent lova, stikk prinsesse Aurora seg på ein tein før den attande bursdagen sin. Ho fell i ein søvn som skal vare i 100 år. I versjonen til Perrault vaknar Tornerose rett og slett etter 100 år, og prinsen er der tilfeldigvis. I ein italiensk versjon av det same eventyret er det veldig mykje mørkare. Her blir Talia, som ho heiter, valdteken mens ho søv, føder tvillingar, framleis i søvne, og det er det eine barnet som syg gifta ut av fingeren hennar. Men i Disney sin versjon blir ho altså vekt av eit kyss sprunge ut av ekte kjærleik («true love's kiss»), frå prins Phillip.

Tornerose fekk blanda mottaking av kritikarane, og det blei heller ikkje ein kommersiell kinosuksess. Det skulle ta 30 år før Disney igjen laga ein heilaftans animasjonsfilm basert på eit eventyr.

Disneys renessanse

1990-åra blir gjerne omtala som Disney-renessansen, med ei lang rekke store kinosuksessar. Filmene som *Den lille havfruen* (1989), *Skjønnheten og udyret* (1991), *Aladdin* (1992) og *Løvenes konge* (1994) kom i denne perioden.

Sjølv om musikk hadde vore eit sentralt element heilt frå starten, er det no Disney for alvor tek i bruk musikalformelen. I all hovudsak er det songtekstforfattar Howard Ashman og komponist Alan Menken som sørger for det. Fleire av filmene frå denne perioden har også blitt store Broadway-musikalar, det gjeld både *Den lille havfruen*, *Skjønnheten og udyret*, *Aladdin* og *Løvenes konge*.

I slutten av 1990-åra blir også Snødronninga plukka ned frå hylla. *Den lille havfruen* var den første Disney-film basert på eit eventyr på 30 år, og det var nettopp eit eventyr av H. C. Andersen som var utgangspunktet. Filmen blei ein kjempesuksess da den kom.

Havfrua Ariel må få eit ekte kjærleiksskyss frå prins Eric for at ho skal halde fram med å vere eit menneske, lyder trolldommen frå sjøheksa Ursula:

«Før solen går ned den tredje dagen, må du få den søte, lille prinsegutten til å bli forelska i deg. Det vil si: Han må kysse deg. Ikke noe vanlig kyss.

Et ekte kjærlighetskyss.» - Ursula, *Den lille havfruen*

Ariel gir bort stemma si for å få bein. Sjølv om prinsen er nære på å gi den stumme Ariel kysset, rekk han det ikkje før tidsfristen på tre dagar går ut. Det ordnar seg til slutt likevel, etter at Eric drep Ursula, og kong Triton bruker litt av sin eigen magi. Ariel får både bein, prinsen og stemma tilbake. I eventyret til H. C. Andersen går det ikkje like godt med havfrua. Disney, derimot, gir oss ein lykkeleg slutt, men seint i 80-åra er det altså framleis prinsen – i tillegg til pappa – som må redde prinsessa.

Men med *Skjønnheten og udyret* (1991), basert på eit fransk eventyr av Jeanne-Marie Leprince de Beaumont, skjer det eit skifte. Her er det Belles kjærleikserklæring til udyret som bryt forbanninga og gjer han om til eit menneske igjen. Kysset deira gjer også tenarane (lysestaken, tekanna, klokka) om til menneska dei var før forbanninga. Trolldommen blir broten av kjærleik, og endeleg er det den kvinnelege hovudpersonen som reddar dagen. Kanskje er noko av grunnen at det var den første Disney-spelefilmen som hadde ein kvinneleg manusforfattar, Linda Woolverton. Det blei også den første animerte filmen som vann ein Golden Globe-



Den lille havfruen blei ein stor suksess for Disney. Foto: Walt Disney Pictures/courtesy Everett Collection/NTB



Skjønnheten og udyret Foto: Moviestore/REX/NTB

pris for beste film, og som blei nominert til seks Oscar-prisar.

Inspirert av dei kommersielle og kunstnarlege suksessane i 90-åra forsøkte altså Disney seg på ein ny adaptasjon av *Snødronninga*, men i 2002 blei prosjektet igjen skrinlagt. Dei fann ikkje ut korleis dei skulle fortelje denne historia, med ein hovudperson som heilt opplagt var ein skurk. Dei sleit også med den episodiske oppbygginga til H. C. Andersen og relasjonen mellom Snødronninga og Gerda.

Tredje forsøk

I 2006 overtok John Lasseter animasjonsavdelinga i Disney, og i 2008 kom det neste forsøket på ein film basert på *Snødronninga*, etter ein ide frå regissør Chris Buck. Og det var nettopp definisjonen på «ekte kjærleik» Buck ønskte å utfordre. Måtte det involvere å bli kyssa av ein prins? Lasseter var også interessert i *Snødronninga*, og dei to begynte prosjektet med arbeidstittelen «Anna and the Snow Queen». Men i 2010 stranda prosjektet for tredje gong. Dei klarte ikkje å finne ein måte å få historia og Snødronning-karakteren til å fungere på.



Filmen *Enchanted* frå 2007.
Foto: Barry Wetcher/Disney Enterprises/Kobal/REX/NTB

Året før, i 2007, kom selskapet med den humoristiske «live action»-filmen *Enchanted*. Her får vi ein ny vri på kjærleikstematikken: Ideen om at kjærleikskysset avslørar kven som faktisk elsker kvarandre. I starten av filmen syng Giselle songen «True love's kiss», skriven av Alan Menken og Stephen Schwartz. Denne er ein referanse og hyllest til dei tidlege Disney-filmene som *Snehvit og de syv dverger* og *Askepott*, der den kvinnelege hovudrolla syng om gleda over å bli elska. «True love's kiss» er derfor også i operette-stil, og ikkje i musikalstilen som blei vanleg i 1990-åra.

Den vonde stemora kastar Disney-prinsessa Giselle ut av eventyret og inn i den verkelege verdas New York City. Det er mykje humor her om avstanden mellom dei rosenraude Disney-forventingane og den mørke og brutale verda utanfor. Giselle blir forhekka av den vonde stemora og må få eit ekte kjærleikskysst før midnatt for å vakne igjen. Da kjem det fram at det ikkje er Prins Edward som er den ekte kjærleiken hennar, slik ho har trudd, men aleinefaren Robert.

På det fjerde skal det skje

Men så: I desember 2011 annonserer Disney sin nye storfilm med tittelen *Frozen*. Den skal ha verdspremiere i november 2013, og er laust basert på *Snødronninga*. Dei har teke fleire grep med eventyret til H. C. Andersen som gjer at dei no endeleg har løyst korleis dei skal fortelje denne historia. Det store gjennombrøtet kom da manusforfattar og regissør Jennifer Lee og regissør Chris Buck bestemte seg for å gjere protagonisten i filmen, Anna, basert på karakteren Gerda, til den yngre søstera til Elsa, basert på Snødronninga. Dermed fekk dei ein familiedynamikk mellom dei to hovudrollene.

Eit anna viktig grep var å vekke til live musikalsjangeren frå Disneys renessanseperiode, der historia også blir fortalt gjennom musikken. Den forteljarstilen hadde i liten grad blitt brukt av Disney det siste tiåret.

I januar 2012 blei ekteparet Kristen Anderson-Lopez og Robert Lopez med på prosjektet for å skrive songar. Begge hadde erfaring frå musikalverda, ho som tekstforfattar, han som komponist. Lopez var på denne tida i innspurten av arbeidet med musikalen *The Book of Mormon* på Broadway.

Eit markant gjennombrøt for karakteren Elsa kom med songen «Let it go». Før dette hadde dei slite med at ho var for eindimensjonalt «skurkete», men no blei Elsa meir kompleks, sårbar og sympatisk. Ifølge Lopez og Anderson-Lopez såg dei ikkje Elsa som ein skurk, men som ei redd jente som sleit med å kontrollere og akseptere sine egne evner. Dermed var det ikkje Elsa som var den store skurken i forteljinga. Som ein vri på plottet forstår vi heilt til slutt i filmen at det er Prins Hans



Filmen *Frost* kom i 2013.
Broadway-musikalen kom i 2018. Foto: Walt Disney Pictures/courtesy Everett Collection/NTB

som er den verkelege skurken.

Ekte kjærleik

I H.C. Andersens *Snødrønninga* er det tårene til Gerda som smelter trollsplinten i hjartet til Kai. For *Frost* blei leiemotivet at ei kjærleikshandling kan tine eit frose hjarte. Blod er kanskje ikkje tjukkare enn is, men det er heilt klart varmare. Og her ser vi korleis manusforfattar og regissør Jennifer Lee leikar seg med sine eigne karakterar og med forventingane til publikum, bygd opp gjennom fleire tiår med Disney-filmar.

Anna er i ferd med å døy etter å ha blitt råka av magien til søstera. Trolle fortel at forbanninga berre kan brytast gjennom ei ekte kjærleikshandling («an act of true love»), som til dømes eit ekte kjærleiksskyss. Anna dreg til den ho elsker, Prins Hans, berre for å oppdage at han har lurt ho (og publikum) heile tida. Han elsker ho ikkje og er berre ute etter trona. Så må det vere den sympatiske einstøingen Kristoffer, da, som er redninga, tenker både Anna og vi som ser på.

Men igjen gjer Lee ei overraskande vending, som tek kjærleikstanken som Disney sjølv har etablert, og vrir på den. I løpet av filmen har publikum fått vere med på den store utviklinga Anna går gjennom, som ei «coming of age»-historie. Frå å ha eit naivt syn på livet og kjærleiken i starten, får ho mot slutten eit meir modent syn på kjærleiken, der ho er i stand til å gjere det manusforfattar Lee har omtala som den ultimate kjærleiksgesten: å ofre seg sjølv.

For før Anna rekk fram til Kristoffer, ofrar ho sitt eige liv for å redde søstera Elsa. Og dermed forstår både ho og vi som ser på, at det var søskenkjærleiken som var løysinga heile tida. Og når Elsa græt over at Anna er frosen til is, blir søstera tint og vekt til live igjen.

I vår tid treng det ikkje lenger vere ein prins som reddar ei jomfru i naud. Det kan like gjerne vere kjærleiken mellom to søstrer som er løysinga, som bryt forbanninga og tiner eit frose hjarte. Det treng heller ikkje vere så opp i dagen kven som er helt og kven som er skurk. Kanskje var det naudsynt å bruke 75 år for å fortelje historia om *Snødrønninga* på riktig måte.